



KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

INNKALLING

Møtedato: 20. november 2019	Klokka: 1000	Møtestad: Vågå kommunehus
--------------------------------	-----------------	------------------------------

Medlemmane blir med dette innkalla til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

- Svein Holen (leiar)
- Kjersti Aasvang Dalen (nestleiar)
- Ole Damstuen
- Lene Marit Flatum
- Tor Ivar Furuset

Evt. forfall må snarast meldast til sekretæren, Morten Sørhage, tlf. 469 11018 eller e-post morten.sorhage@lom.kommune.no

Varamedlemmane møter berre etter nærmare varsel. Dette gjeld:

- Bjørg Schultz
- Matthias Hauge
- Per Sveahaugen
- Roar Valbjørsløkken
- Steinar Evensen

SAKLISTE:

Sak nr.	Saka gjeld:
	Innkalling, sakliste
31/2019	Orienteringar om kontrollutvalsarbeid

Lom, 7. november 2019
for Svein Holen

Morten Sørhage
Sekretær kontrollutvalet

Kopi av innkallinga med sakliste blir også sendt til:

- Ordfører
- Administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	20. november 2019	Kontrollutvalet	31/2019

ORIENTERINGAR OM KONTROLLUTVALSARBEID

Oppgåvene til kontrollutvala er heimla i kommunelova, kapittel 23. Kontrollutvala har ei overordna rolle i kontrollarbeidet mot fleire aktørar. For å få oversikt over kontrollarbeidet, er det tenleg med fellesmøte i Nord-Gudbrandsdalen. Informasjonen gjev grunnlag for vidare handsaming i dei respektive utvala.

SKNG

Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen orienterer om oppgåvene i kontrollutvala og rolle i kommunal organisasjon.

INNLANDET REVISJON IKS

Dei seks kommunane har avtale med selskapet. Dagleg leiar vil orientere om organisasjonen, revisjonsarbeid og revisjonsoppgåver.

FYLKESMANNEN I INNLANDET

Fylkesmannen i Innlandet orienterer om statlege tilsyn og samordning med den kommunale eigenkontrollen.

INTERNKONTROLL

Kommunedirektør vil orientere om internkontrollen i kommunane.